



Boligsenteret Bergen
Ervikveien 70b
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/319 - 14/6856

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
06.05.2014

GODKJENNING - SØKNAD OM OPPARBEIDING AV LEIKEPlass PÅ GBNR 10/187 I MELAND KOMMUNE

Administrativt vedtak. Saknr: 119/2014

Eigedom: Gbnr. 10/187
Byggjeplass: Holmemarka
Ansvarleg søker: Boligsenteret Bergen AS
Planstatus: Reguleringsplan for Holmemarka aust, jf. arealplanID 125620031029
Søknad om Opparbeiding av leikeplass, jf. pbl. § 20-1

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad innstempla 27.1.2014 om løyve til opparbeiding av leikeplass på gbnr. 10/187 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1. Kommuneadministrasjonen seier seg lei for seinka handsaming av søknaden grunna stor saksmengde.

Vurdering:

Planstatus:

Det omsøkte arealet er i *Reguleringsplan for Holmemarka aust* avsett til felles grønt- og leikeområde, og tiltaket er i samsvar med dette planformålet.

Vidare inneheld reguleringsplanen m.a. følgjande føresegn om byggjetiltak innanfor grønt- og leikeområda, jf. planføresegn § 5 første ledd:

«Felles leikeplassar skal opparbeidast og utstyrast med apparatar i naudsynt grad for å fungere som attraktive og sikre leikeområde.»

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til å støtte planen sine krav til opparbeiding og utforming av leikeareal, jf. vurderinga nedanfor. Administrasjonen gjer likevel for god ordens skuld merksam på planføresegn § 5 andre ledd:

«Støyskjerm skal etablerast i felles grøntområde som vist på plankart, anten ved støyskjermende gjerde eller voll. Voll skal plantast til.»

Sistnemnde må sjåast i samanheng med rekkjefølgjekrava i planføresegn § 1.3.4:

«Støyskjerm mot riksveg skal oppførast i tilstrekkeleg lengde slik at den fungerer som støyskjerm for oppførte hus og etablerte leikeplassar før ferdigattest/mellombels bruksløyve kan gjevast.» (Administrasjonen si understreking.)

Nabovarsling:

Søknaden om byggjeløyve vart nabovarsla i 6.9.2013 og det er innan fastsett frist ikkje motteke merknadar til tiltaket. Nabovarslinga vert etter dette rekna som tilstrekkeleg, jf. pbl. § 21-3.

Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart og terrengprofilar innstempla 27.1.2014 og utformast i samsvar med vedlagte situasjonsplan motteke same dato.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette oppfyller Plan- og bygningsloven sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf. §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket vert vidare vurdert til å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedommar og omliggjande byggverk i pbl. § 29-4.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Boligsenteret Bergen AS Organisasjonsnummer 990 693 846 Sentral godkjenning	SØK/PRO/UTF heile tiltaket (tkl. 1)

Vedtak:

Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 30-4 løyve til opparbeiding av leikeplass på gbnr. 10/187 i samsvar med søknad m/ vedlegg innstempla 27.1.2014.

Om plassering og utforming av tiltaket vert det vist til vedlagte situasjonskart, situasjonsplan og terrengprofilar innstempla 27.1.2014 og vurderinga over. Tiltaket skal elles utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningsloven.

Dei opplysningar om byggetiltaket og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningsloven og administrativt fatta i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.